

INVITASJON

Landbruks- og matminister Sylvi Listhaug kjem til Bergen, Os og Bømlo torsdag 20. august.

Hovudtema er fokus på resultat innanfor infrastruktur i skogbruket. Ministeren vil m.a.

- ✓ Døype ei flytande skogsplattform (lekter) på Rubbestadneset i Bømlo kommune torsdag 20. august klokka 13.00. Anna fagleg info og omvisning på lekteren inngår i programmet.
- ✓ Åpne ein ny skogsbilveit på Bontveit i Fana same dag kl. 16.30 (skilta ved E39 til Bontveit).

Du er herved invitert og avgjer sjølv kva arrangement du vil delta på (eit eller begge).

Vidaresend gjerne denne invitasjonen til andre på din arbeidsplass eller andre du kjenner som kan ha interesse av å delta.

Frist for påmelding er mandag 17. august klokka 24.00 til helge@kystskogbruket.no eller ring Helge (48020261), Ove (97718322) eller Knut Arne (95200051)

Energihogst AS fra Austevoll har nyleg utvikla ein lekter til ei moderne «skogsplattform». Lekteren er 91 meter lang, 28 meter brei og rommer lugarar og opphaldsrom for skogsarbeidarar, rom for parkering og vedlikehald av hogstmaskin, lassberar, gravemaskin og tømmerbil. I tillegg fungerer lekteren som ein flytende kai og rommar 8-10 000 kubikkmeter tømmer. Moderne fasilitetar og strenge krav til helse, miljø og sikkerheit gjer dette til den første kjente flytande skogsplattform i Europa.

Skogen i kystskogfylka har relativt kort veg til sjø. Eit aukande hogstkvantum sammen med ein miljøvenleg og kostnadseffektiv transport på sjø, gjer denne flytende arbeidsplattformen til ei spennande driftsform i skogbruket for fremtida.



Bontveitdalen veglag i Fana/ Bergen kommune har siste åra bygd ca. 20 km skogsbilveg. Desse vegane løyser ut ca. 100 000 kubikkmeter tømmer dei nærmeste 20 åra og gir ei verdiskaping i fylket på ca. ein halv milliard kroner.

Skogsvegane på Bontveit er også viktige turveg/ fleirbruksveg.

Skogsvegen Bontveitveien er nyleg ferdigbygd og skogeigarane på Bontveit ynskjer at Landbruks- og matminister Sylvi Listhaug skal opne denne vegen torsdag 20. august kl 16.30.

Enkel servering begge stader.

VELKOMMEN !

Bergen/ Frosta 07.08.15

Mvh

Ove Frotvedt
FanAgro
Mob. 97718322

Knut Arne Hovdal
Energihogst AS
Mob. 95200051

Helge Kårstad
Kystskogbruket
Mob. 48020261